

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skrevet: 17.02.05
Sakshandsamar: Hilde Rudlang
Saka gjeld: Årleg melding for 2005

Styresak 019/06 B

Styremøte 24.02. 2006

Bakgrunn

I § 34 i helseføretakslova og i § 15 i vedtektene for Helse Vest RHF blir det slått fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Fristen for årleg melding for 2005 er 1. mars 2006.

Forslaget til årleg melding for 2005 er lagt ved.

Kommentarar

Formelle krav til årleg melding

Meldinga frå Helse Vest RHF til departementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Systemet skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og nytt bestillardokument, og gi rapportering på oppfølginga av bestillardokumentet og gi grunnlag for å vurdere om helsepolitiske mål er innfridd.

Det heiter i vedtektene for Helse Vest RHF § 15 (Melding til departementet):

”Styret skal innen den 1. mars hvert år sende en melding til departementet som omfatter styrets plandokument for virksomheten og styrets rapport for foregående år. Plandokumentet skal være av strategisk og overordnet karakter og vise hovedtrekkene i virksomhetens fremtidige drift innenfor de rammebetingelser som er gitt av staten som eier og helsemyndighet. Denne delen av plandokumentet vil inngå i vurderingsgrunnlaget for behandlingen av de enkelte års statsbudsjett.

Plandokumentet skal videre, med utgangspunkt i vurderinger av eksisterende drift, gi beskrivelse av forventede endringer i befolkningens behov for helsetjenester og i den helsefaglige utviklingen på fagområdene, vise behovet for utvikling og endring av tjenestene og driften av virksomheten og styrets vurdering av ressursbruken for de

nærmeste årene, med forslag til finansiering.

Rapporten om virksomheten fra foregående kalenderår skal vise hvordan pålegg og bestemmelser som er gitt i foretaksmøtet eller satt som vilkår for bevilgninger, er fulgt opp. Rapporten skal også vise virksomhetens utvikling i forhold til det regionale foretakets plandokument.”

Årleg melding frå helseføretaka

I styringsdokumentet frå Helse Vest til helseføretaka blir det slått fast at helseføretaka skal sende ei årleg melding til Helse Vest. Meldinga skal følgje den same oppbygginga som meldinga frå Helse Vest til departementet.

Forslaget til årleg melding frå Helse Vest byggjer både på den tilbakemeldinga som er gitt frå helseføretaka, og på dei tiltaka og prosjekta som er initiert frå Helse Vest.

Årleg melding 2005

Meldinga er delt inn i styret sitt plandokument (del 1) og styret sin rapport for året som var (del 2).

I plandokumentet tek vi for oss korleis utviklinga i folkesetnaden, helsetilstanden til folk, den medisinske teknologien og forventingane til helsetenestene vil påverke behovet for å utvikle og endre tenestene og måten verksemda blir driven på.

I styret sin rapport blir det gitt ei relativt detaljert tilbakemelding på oppfølginga av styringskrava i bestillardokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF (kapittel 1 og 2), og på styringskrava stilt i føretaksmøtet i Helse Vest RHF 17. januar 2005 (kapittel 3).

Forslag til vedtak

Styret godkjenner forslaget til årleg melding for 2005, og oversender meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.